

AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIMDato: 15.07.2016
Vår ref.: 2014/13696-30
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Att. Thomas Lindås

Høyringsuttale - Austrheim kommune - Kommuneplan for trafikkisikring 2016-2023

Det vert vist til dykkar brev av 6. juli 2016 vedkommande uttale til trafikkisikringsplan for Austrheim kommune 2016-2023.

Austrheim kommune har lagt fram eit godt grunnlag for ein trafikkisikringsplan dei neste åra, - med eit særleg fokus på det fysiske trafikkisikringsarbeidet. Etter Hordaland fylkeskommune sitt syn er dei fysiske tiltaka godt handsama, medan det kunne vore ønskjeleg med eit større fokus og konkretisering av det organisatoriske og trafikantretta trafikkisikringsarbeidet. Truleg kan det vere tenleg for kommunen å etablere konkrete mål for den delen av trafikkisikringsarbeidet som fell innunder kommunen sin eigen organisasjon, jf at kommunen er godkjent som Trafikksikker kommune.

Hordaland fylkeskommune vil i sin uttale ha fokus på fylkeskommunen sitt ansvarsområde, saman med det organisatoriske og trafikantretta trafikkisikringsarbeidet.

Fylkeskommunen som vegeigar

Når det gjeld omtalen av Hordaland fylkeskommune (1.3) så er det vegtrafikkloven sin § 40a som definerer fylkeskommune sitt ansvar for å tilrå og samordne tiltak, - ikkje veglova § 40. Som eit ledd i dette kan ein også nemne Fylkestrafikkisikringsutvalet i Hordaland (FTU), og den oppgåva FTU her har. Særleg relevant her er dei tre tilskotsordningane som kommunane og andre lokale kan nytte seg av, og den årlege trafikkisikringskonferansen som FTU arrangerer for kommunane.

Vidare kan det nemnast at gjennom sams vegadministrasjon er Statens vegvesen (SVV) underlagt fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegnettet, og med det har også SVV det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane. Fordelinga av midlar til fylkesvegnettet skjer gjennom *Regional transportplan (RTP)* med tilhøyrande handlingsplan, og det årlege *Plan- og byggeprogrammet for Hordaland utanom Bergen*. Det er fylkestinget som her gjer vedtak.

I denne samanhengen ser vi det også som naturleg å nemnde det fylkeskommunale ansvaret for kollektivtransporten i Hordaland. Dette ansvaret er lagt til Skyss, som er ei eiga eining i fylkeskommunen.

I arbeidet med å prioritere tiltak er det eit vesentleg element at det i dei kommunale trafikkisikringsplanane framgår ei klår prioriteringsliste av aktuelle fysiske tiltak på vegnettet slik at fylkeskommunen og SVV kan leggje denne til grunn for sine prioriteringar av trafikkisikringstiltak på fylkesvegnettet. Prioriteringslista vil slik sett vere førande for det arbeidet som vert gjort, og andre tiltak som vert meldt inn vil difor komme i andre rekke. Som nemnd er lista over fysiske tiltak i framlegget til trafikkisikringsplan eit godt grunnlag for våre prioriteringar på fylkesvegnettet.

Planforslaget gjev ein god oversikt over ulike nasjonale og regionale planar på trafikkisikringsområdet. Dette

er ei viktig forankring inn i kommunen sitt arbeid. I punkt 2.5 vert det vist til Hordaland fylkeskommune sin handlingsplan for trafikkisikring 2014-2017. Det er viktig å merke seg her at dei særskilde satsingsområda på trafikkisikringsområdet i denne planperioden er følgjande:

- Trafikkisikringsarbeid i kommunane
- Møteulykker utanfor tettbygde strok
- Mjuka trafikantar i byområde

Den opplistinga som står oppført i høyringsutkastet er med det ikkje korrekt. Når det gjeld avsnittet under, vedkommande omtalen av tilskot som fylkeskommunen har, så vert det mellom anna peika på eit «tilskot til opplæring i barnehagar og skular». Her er vi usikre på kva det vert vist til. Fylkeskommunen har gjennom sin handlingsplan for trafikkisikring følgjande tre tilskotsordningar:

- Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikkisikringsplanar
- Tilskot til mindre fysiske trafikkisikringstiltak
- Tilskot til lokale trafikkisikringsarrangement

Barnehagar og skular kan søkje om støtte gjennom den sistnemnde tilskotsordninga, men dette eksisterer ikkje ei eiga tilskotsordning isolert for barnehagar og skular.

Det er positivt at høyringsutkastet har ein omtale av Regional transportplan (RTP) 2013-2024, punkt 2.6. RTP er eit politisk styringsdokument og planleggingsverktøy for å bidra til ei positiv utvikling i Hordaland gjennom ein aktiv og heilskapleg samferdslepolitikk, og har eit tilhøyrande handlingsprogram. RTP er no under rullering, og er planlagt vedteke i juni 2017.

Om det organisatoriske og trafikantretta trafikkisikringsarbeidet

For å lukkast med å få ned talet på drepne og hardt skadde i trafikken må trafikkisikringsarbeidet vere ein kombinasjon av fysiske tiltak på vegnettet og trafikantretta tiltak. Dette inneber at ein må ha fokus på trafikkisikring i alle ledd og einingar, og på den måten få ei tverrfagleg koordinering, til dømes gjennom arbeidet til folkehelsekoordinatoren. Kommunen sitt framlegg til trafikkisikringsplan omhandlar det haldningsskapande trafikkisikringsarbeidet i kap. 5.4.1. Fylkeskommunen vil her foreslå at planen i større grad viser kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka, og om mogleg, konkretiserer når dette skal finne stad. Innanfor den kommunale organisasjonen er det mange fleire oppgåver i dei ulike einingane som høyrer med, jf Trafikkisikker kommune, og desse er ein del av årsplanane til barnehagar/skular, med styrar/reaktor/ oppvekstsjef som ansvarlege. Dette er ein del av det systematiske av trafikkisikringsarbeidet innanfor konseptet Trafikkisikker kommune.

Om fysiske tiltak langs strekningar med busstrafikk

Som nemnd så har fylkeskommunen ved Skyss ansvaret for kollektivtransporten i fylket. Frå eit kollektivsynspunkt har vi ingen innvendingar til tiltaka i planen, men vi ber om at Skyss vert kontakta når det kjem til fysisk planlegging av haldeplassar og andre kollektivtiltak, for å sikre praktisk gode løysingar for kollektivtrafikken. Gjeld tiltaka fartsreducerande tiltak på strekning med busstrafikk ber vi om at ein vel utforming av til dømes fartshumpar slik at desse ikkje er til ulempe for kollektivtrafikken. Kommunen må gjerne ta kontakt med fylkeskommunen ved spørsmål i slike saker.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.